

Hei,

Eg heiter Anders Vik og er 16 år. Eg holder på med friidrett og representerer Fil AKS-77. Innafor friidrett så heldt eg på med kastøvingar. Eg har diskos som hovudøving og har høge ambisjoner innafor diskoskastinga. Neste sesong har eg som mål å kvalifisere meg til U-18 EM og forhåpentligvis komme til finalen der. Eg trener frå 6-10 økter i veka for å klare dette målet. Hovudtrenaren min bur i Oslo, og me bruker mange ulike digitale platformer for å prøve å få oppfølginga som trengs for å ta EM-kravet. Men det er ikkje alltid det strekker til, så me prøver å få trent i lag nokon gonger i året. Mine treningar tar føre seg i Bergen, Åsane, Knarvik og heime i Alversund. I tillegg så trener eg òg nokon yngre diskoskastere i klubben og har tatt trenarkurs for dette.

Som resultat av satsinga blir det litt utgifter:

Sidan min hovudtrenar bur i Oslo, blir det derfor ein del reisekostader. Det er bare nokon få gonger i året eg reiser til Oslo for å trenere med han, men eg kunne godt tenkje meg fleire turer bortover.

Det er òg store utgifter med treningsleir, egenandel på rekrutteringslandslaget sine samlinger og reise og opphold på nasjonale og internasjonale toppkonkurranser. Det er nettopp desse postane eg har planar om å bruke stipendet på.

Meritter:

2017:

1000 tyrvingspoeng i diskos.

Vant kretskampen med Hordaland

Nummer 2. på Norgesstatistikken i min klasse.

2018:

UM-sølv i diskos

UM-bronse i kule

Sølv i Världssungdomsspelen (europas største friidrettsstevne for ungdom)

Kretsaldersrekord i diskos, 56,15m

Tatt ut på rekrutteringslandslaget (U-23 landslaget)

Over 1000 tyrvingspoeng

Diverse banerekorder. F.eks på Os og i Strandebarm

2019:

UM-sølv i diskos

6.plass i Världssungdomsspelen i U-18 klassen (best av dei i mitt årskull)

1.plass under Tyrvinglekene (norges største stevne)

Over 1000 tyrvingspoeng

Tatt ut på rekrutteringslandslaget igjen

Eg løfter òg ein del vekter som en del av treninga for å bli god i friidrett. Derfor konkurrerer eg òg innanfor vektløfting. Vektløfting er ikkje min hovudgrein, men eg har hatt stor framgang og vil derfor stille på nasjonale mesterskap framover. Der har eg som mål å kvalifisere meg til nordisk mesterskap.

Meritter.

1 Gull i UM (2019)

1 Gull (2019) og 1 bronse i NM 5-kamp (2018)

1 Sølv (ungdomsklassen, 2018) og 1 bronse i lag-NM (juniorklassen, 2018)

